

KOMMISJONSVEDTAK**av 17. februar 1999****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy(*)***[meldt under nummeret K(1999) 340]***(1999/179/EF)**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

Etter artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa “fottøy” (heretter kalla “produktgruppa”) vert definert på følgjande måte:

“Alle klednadsvarer som er utforma for å verne eller dekkje foten, og som har ein fast yttersole som kjem i kontakt med underlaget”.

Artikkel 2

Innverknaden på miljøet og dugleiken til produktgruppa skal vurderast ut frå dei særskilde miljø- og dugleikskriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i tre år frå den første dagen i månaden etter den månaden då dette vedtaket vert gjort.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret “017”.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. februar 1999.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 57 av 5.3.1999, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 122/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

VEDLEGG

For at eit produkt i den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget på grunnlag av prøving som på tidspunktet for søknaden er gjennomført etter dei metodane som det er gjort greie for i kriteria. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det ansvarlege organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvinga skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei ansvarlege organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta.

Føremålet med kriteria er særleg å minske mengda av giftige reststoff og utsleppa av flyktige organiske sambindingar og å fremje eit meir slitesterkt produkt.

Den funksjonelle eininga er eit skopar. Krava er fastsette på grunnlag av skonummer 40 franske stikk ("Paris Point"). For barneskor gjeld krava skonummer 32 franske stikk eller det største skonummeret dersom dette er mindre enn nr. 32 franske stikk.

MILJØKRITERIUM

1. Reststoff i sluttproduktet

- a) Den gjennomsnittlege reststoffkonsentrasjonen i sluttproduktet må ikkje overstige dei følgjande verdiane:

- krom (VI): 10 ppm,
- arsen: 10 ppm,
- kadmium: 10 ppm,
- bly: 10 ppm.

Prøvingsmetodar (ein prøvingsrapport skal leggjast ved søknaden)

- Cr (VI): standarden EN 420 (legg merke til at interferens kan gjere måling vanskeleg ved analyse av visse typar farga lêr).
- Cd, Pb, As: analysar ved hjelp av atomabsorpsjonsspektroskopi (AAS) etter oppslutting med sterk syre.

Førebuing av prøva:

- 1) Skil komponentane i overdelen frå komponentane i underdelen.
- 2) Finmal komponentane i overdelen og komponentane i underdelen kvar for seg.
- 3) Analyser ei prøve av kvart av desse to preparata.
- 4) Konsentrasjonane av dei førnemnde stoffa i kvar av dei to prøvene må ikkje overstige dei førnemnde verdiane.

- b) Innhaldet av fritt og delvis hydrolyserbart formaldehyd må ikkje overstige 75 ppm i tekstilkomponentane og 150 ppm i lêrkomponentane i fottøyet.

Prøvingsmetodar (ein prøvingsrapport skal leggjast ved søknaden)

- tekstilar: den japanske metoden "Law 112", den finske standarden SFS 4996 eller prEN/ISO 14184-1.
- lêr: IUC 94.50001 a eller DIN 53315.

2. Utslepp frå framstillinga av materiale

Spillvatnet frå garveri skal handsamast, i garveriet eller ved eit kommunalt reinseanlegg, slik at det kjemiske oksygenforbruket (KOF) vert minska med minst 75 %.

Prøvmingsmetode (ein prøvmingsrapport og høvelege tilleggsopplysningar skal leggast ved søknaden)

KOF: ISO 6060 – Vasskvalitet – fastsetjing av kjemisk oksygenforbruk.

3. Bruk av skadelege stoff (fram til kjøp)

a) Pentaklorfenol (PCP) og salt og esterar av det skal ikkje nyttast.

Prøvmingsmetode for kontrollføremål

- tekstilar: gasskromatografi (GC) med elektroninnfangingsdetektor (ECD); grenseverdien er 0,05 ppm

- lêr: analysar bør utførast etter DIN 53313 med
a) massespektrometri (MS) eller
b) elektroninnfangingsdetektor (ECD); grenseverdien er 5 ppm.

b) Det må ikkje nyttast azofargestoff som kan spaltast til eit av dei følgjande aromatiske amina:

| | |
|-------------------------------------|------------|
| 4-aminobifenyl | (92-67-1) |
| benzidin | (92-87-5) |
| 4-klor-o-toluidin | (95-69-2) |
| 2-naftylamin | (91-59-8) |
| o-amino-azotoluen | (97-56-3) |
| 2-amino-4-nitrotoluen | (99-55-8) |
| p-kloranilin | (106-47-8) |
| 2,4-diaminoanisol | (615-05-4) |
| 4,4'-diaminodifenylmetan | (101-77-9) |
| 3,3'-diklorbenzidin | (91-94-1) |
| 3,3'-dimetoksybenzidin | (119-90-4) |
| 3,3'-dimetylbenzidin | (119-93-7) |
| 3,3'-dimetyl-4,4'-diaminofenylmetan | (838-88-0) |
| p-kresidin | (120-71-8) |
| 4,4'-metylen-bis-(2-kloranilin) | (101-14-4) |
| 4,4'-oksydianilin | (101-80-4) |
| 4,4'-tiodianilin | (139-65-1) |
| o-toluidin | (95-53-4) |
| 2,4-diaminotoluen | (95-80-7) |
| 2,4,5-trimetylanilin | (137-17-7) |
| 4-aminoazobenzen | (60-09-3) |
| o-anisidin | (90-04-0) |

Prøvmingsmetode (for kontrollføremål)

– tekstilar: den tyske metoden B-82.02 eller tilsvarende; grenseverdien er 30 ppm. (Legg merke til at det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, og difor bør resultatata stadfestast.)

– lêr: standarden DIN 53316; grenseverdien er 30 ppm. (Legg merke til at det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, 4-aminobifenyl og 2-naftylamin, og difor bør resultatata stadfestast.)

4. Bruk av flyktige organiske sambindingar (VOC) under den avsluttande samanføyinga av skor

Den samla bruken av VOC under sluttfasen i framstillinga av fottøy skal ikkje overstige følgjande gjennomsnittsverdiar for desse kategoriane:

– vanlege sportsskor, barneskor, arbeidsskor til yrkesbruk, spaserskor for herrar, spesielle vinterskor: 30 g VOC/par,

- fritidsskor, spaserskor for damer: 25 g VOC/par,
- moteskor, skor for småbarn (1-3 år), inneskor: 20 g VOC/par.

VOC er ei organisk sambinding som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsevne under dei særskilde brukstilhøva.

Den samla bruken av VOC under slutfasen i framstillinga av fottøy skal reknast ut på følgjande måte:

$$M_{(\text{samla VOC})} = \sum(M_{(\text{lim})} \times C_{(\text{VOC lim})}) + \sum(A_{(\text{etterhandsamingsmiddel})} \times M_{(\text{etterhandsamingsmiddel})} \times C_{(\text{VOC etterhandsamingsmiddel})})$$

der

$M_{(\text{samla VOC})}$ = den samla bruken av VOC ved framstillinga av eit skopar (g),

$M_{(\text{lim})}$ = mengda lim⁽¹⁾ som er nytta til det aktuelle skoparet (g),

$C_{(\text{VOC lim})}$ = VOC-innhaldet i det limet som er nytta (indeks: g VOC per g lim),

$A_{(\text{etterhandsamingsmiddel})}$ = området på skorne der det er nytta etterhandsamingsmiddel⁽²⁾ (m²),

$M_{(\text{etterhandsamingsmiddel})}$ = mengda etterhandsamingsmiddel som er nytta per kvadratmeter (g/m²),

$C_{(\text{VOC etterhandsamingsmiddel})}$ = VOC-innhaldet i det etterhandsamingsmiddelet som er nytta (indeks: g VOC per g etterhandsamingsmiddel),

og

- (1) berre lim med løysemiddel skal reknast med. Vassløyeseleg lim og smeltelim skal ikkje reknast med,
- (2) etterhandsamingsmiddel: grunning, dekkstrøk og reparasjonsfargar, ytterlag av lær (overdel), syntetisk overdel, fôr, bomull osv. berre når dei er løysemiddelbaserte.

Det skal førast register over innkjøp av lær, lim og etterhandsamingsmiddel og over framstillinga av fottøy i minst dei siste seks månadene.

5. Elektriske komponentar

Fottøyet skal ikkje innehalde elektriske eller elektroniske komponentar.

6. Emballering av sluttproduktet

- a) Dersom pappøskjer vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilde av minst 80 % attvunne materiale.
- b) Dersom plastposar vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilde av attvunne materiale.

OPPLYSNINGAR TIL FORBRUKAREN

7. Bruksrettleiing

Følgjande opplysningar skal følgje med produktet:

- Desse skorne er handsama for å betre vassavstøyttingsevna deira. Ytterlegare handsaming er ikkje naudsynt. (Dette kriteriet gjeld berre for fottøy som er handsama med vassavstøyttingsmiddel.)
- Når det er mogleg, bør De reparere skorne heller enn å kaste dei. Det er mindre skadeleg for miljøet.

⁽¹⁾ TEF L 399 av 30.12.1989, s. 18.

DUGLEIKSKRITERIUM**8. Parametrar som medverkar til auka slitestyrke**

Arbeidsskor til yrkesbruk og verneskor må vere påførde CE-merket (i samsvar med rådsdirektiv 89/686/EØF(1) om tilnærming av medlemsstatenes lover om personlig verneutstyr). Alt anna fottøy må stette krava i tabellen nedanfor (ein prøvingsrapport skal leggjast ved søknaden). Dei parametrane som det er vist til, vert målte etter følgjande prøvingsmetodar:

- | | |
|--|---------------------------|
| – bøyemotstand i overdelen: | Dokument CEN/TC 309 N 113 |
| – rivestyrke i overdelen: | Dokument CEN/TC 309 N 115 |
| – hefteevne i overdelen: | EN 1392 |
| – bøyemotstand i yttersolen: | prEN 12769 |
| – slitestyrke i yttersolen: | prEN 12770 |
| – hefteevne i yttersolen: E | N 1392 |
| – vassabsorpsjon og -desorpsjon i binnsolen: | prEN 12746 |
| – vassavstøytningsevne i overdelen: | Dokument CEN/TC 309 N 121 |
| – vassavstøytningsevne i yttersolen: | prEN 13072 |

Parametrar som medverkar til auka slitestyrke

| | Vanlege sportsskor | Barneskor | Fritidsskor | Spaserskor for herrar | Spesielle vinterskor | Spaserskor for damer | Moteskor | Skor for småbarn (1-3 år) | Inneskor |
|---|---------------------------|---------------------------|--------------------------|--------------------------|--|--------------------------|-----------|---------------------------|-----------|
| Bøymotstand i overdelen: (kc utan synleg skade) | Tørr = 100 Fuktig = 20 | Tørr = 100 Fuktig = 20 | Tørr = 80 Fuktig = 20 | Tørr = 80 Fuktig = 20 | Tørr = 100 Fuktig = 20 -20 °C = 30 | Tørr = 50 Fuktig = 10 | Tørr = 15 | Tørr = 15 | Tørr = 15 |
| Rivestyrke i overdelen: (gjennomsnittleg rivekraft, N) | | | | | | | | | |
| - lår | ≥ 80 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 40 | ≥ 30 | ≥ 30 | ≥ 30 |
| - andre materiale | ≥ 40 | ≥ 40 | ≥ 40 | ≥ 40 | ≥ 40 | ≥ 40 | ≥ 30 | ≥ 30 | ≥ 30 |
| Hefteevne i overdelen; (N/mm) | ≥ 4,0 | ≥ 4,0 | ≥ 3,0 | ≥ 3,5 | ≥ 4,0 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 |
| Bøymotstand i yttersolen: | | | | | | | | | |
| Riftauke (mm) | ≤ 4 | ≤ 4 | ≤ 5 | ≤ 6 | ≤ 6 | ≤ 8 | ≤ 12 | | ≤ 12 |
| iss = ingen spontane sprekkar | iss | iss | iss | iss | iss ved -10 °C | iss | iss | | iss |
| Slitestyrke i yttersolen: | | | | | | | | | |
| D ≥ 0,9 g/cm ³ (mm ³) | ≤ 200 | ≤ 250 | ≤ 200 | ≤ 350 | ≤ 200 | ≤ 400 | ≤ 450 | ≤ 400 | ≤ 450 |
| D < 0,9 g/cm ³ (mg) | ≤ 150 | ≤ 170 | ≤ 150 | ≤ 200 | ≤ 150 | ≤ 250 | ≤ 300 | ≤ 250 | ≤ 300 |
| Hefteevne i yttersolen: (N/mm) | | | | | | | | | |
| D ≥ 0,9 g/cm ³ | ≥ 4,0 | ≥ 4,0 | ≥ 3,5 | ≥ 3,5 | ≥ 3,5 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 |
| D < 0,9 g/cm ³ | ≥ 3,0 | ≥ 3,0 | ≥ 3,0 | ≥ 3,0 | ≥ 3,0 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 | ≥ 3,0 | ≥ 2,5 |
| Vassabsorpsjon og -desorpsjon i binnsolen: absorpsjon (mg/cm ²) | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 | ≥ 90 |
| desorpsjon (%) | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 | ≥ 60 |

I tillegg skal spesielle vinterskor stette følgende krav til vassavstøyttingsevne:

- overdel: inntrengingstid ≥ 240 min, absorpsjon < 25 %,
- yttersole : inntrengingstid ≤ 60 min og etter to timar ein vassabsorpsjon som er < 20 % (svært vassavstøytande – gjeld berre for visse materiale til framstilling av solar).